



Vilkår for reiser med Einast Reiser AS

Betaling:

Etter motteke faktura må denne betalast innan 14 dagar.

Innbetaling av turbeløp stadfestar avtalen mellom deg og arrangøren.

Ved manglande innbetaling av fakturert beløp innan oppsett frist vert reservasjon din kansellert.

Avbestillingsreglar:

60 dagar før reisestart kan du som kunde avbestilla turen utan kostnad.

Mellom 59 og 20 dagar før turen startar: adm. gebyr på kr 1000,- per person

Mellom 19 og 10 dagar: arrangøren held attende 60% av totalt fakturert beløp

Mellom 9 og 0 dagar: arrangøren held attende 100 % av totalt fakturert beløp

Avbestilling av tur må gjerast skriftleg til Einast Reiser AS.

Vi rår deg til å ta kontakt med forsikringsselskapet ditt for teikning av avbestillingsforsikring. Avbestillingsforsikringa må vere betalt før du betalar eventuelt depositum og faktura for turen for at den skal vera gyldig.

Vi gjer merksam på at dersom to personar har tinga eit dobbeltrom og ein av personane avbestiller turen, vil eit enkeltromstillegg verta fakturert den andre personen.

Einast Reiser AS sine betalings- og avbestillingsreglar tek utgangspunkt i «Alminnelige vilkår for pakkereiser» som er utarbeidd av Reisebransjeseksjonen i HSH og Forbrukerombodet.

Dei Alminnelege Vilkåra er utforma i samsvar med Lov om Pakkereiser («Pakkereiseloven») og Barne- og Familiedepartementet sine forskrifter til lova.